

Saksprotokoll i 10.03.2020 - yrkesopplæringsnemnda

Ann-Kristin Kristoffersen, NHO, sette på vegne av NHO, LO, YS, UNIO, KS, Virke, medlem frå hovudutval for opplæring og kompetanse, medlem frå hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon, konsultativt medlem av opplæringskontor og læringerepresentant fram slikt forslag:

Forslag til vedtak pkt 4:

«Yrkesopplæringsnemnda vil sterkt rå til at tilbudet med «Fagbrev på jobb» vert vidareført. Tilbodet støttar sterkt opp om arbeidslivets behov.

Yrkesopplæringsnemnda ber om at det vert teke initiativ overfor dei politiske organ / departementet og andre nødvendige sentrale aktørar med intensjon om å sikre vidare økonomisk grunnlag.

Inntil den økonomiske situasjonen er avklart, må Vestland Fylkeskommune undersøke alle moglegheitane for å finansiere ordninga også i 2020 og vidare.

Tilskot til lærebedrift må styrkast for å møte også ordninga «Fagbrev på jobb».

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Kristoffersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til hovudutval for opplæring og kompetanse

1.Fylkeskommunen gjennomfører godkjente og signerte lærekontraktar om fagbrev på jobb med ein estimert kostnad i 2020 på kr 10.820.000,-

2.Fylkeskommunen vil inntil vidare ikkje godkjenne nye lærekontraktar om fagbrev på jobb.

3.Fylkesrådmannen kjem attende med ei sak hausten 2020 med tilråding til korleis ordninga eventuelt kan innrettast i samband med handsaming av budsjett for 2021.

4.Yrkesopplæringsnemnda vil sterkt rå til at tilbudet med «Fagbrev på jobb» vert vidareført. Tilbodet støttar sterkt opp om arbeidslivets behov. Yrkesopplæringsnemnda ber om at det vert teke initiativ overfor dei politiske organ / departementet og andre nødvendige sentrale aktørar med intensjon om å sikre vidare økonomisk grunnlag.

Inntil den økonomiske situasjonen er avklart, må Vestland Fylkeskommune undersøke alle moglegheitane for å finansiere ordninga også i 2020 og vidare.

Tilskot til lærebedrift må styrkast for å møte også ordninga «Fagbrev på jobb».